



Arbeidstilsynet
Postboks 4720 Sluppen
7468 TRONDHEIM

Dato: 24.03.2015
Vår ref.: 2014/632-23
Saksbehandlar: marhuft
Dykkar ref.:

Tilsyn - bybanen utbygging - tilbakemelding på varsel om pålegg

Viser til dykker varsel om pålegg datert 09.03.2015. Bybanen Utbygging (BU) blir i varselet pålagt å dokumentera at det er gjennomført nødvendig kontroll av om krava til lønns- og arbeidsvilkår vert overhalde.

Vi viser til at kontroll av arbeidstid og forsvarlig innkvartering er tema som blir tatt opp på alle ledelsesinspeksjonane våre, samt at entreprenørane kvar månad skal oppgje om dei har kontrollert dette når dei sender inn HMS-rapporteringa si. Tilbakemeldingane vi får tilseier at entreprenørane våre utfører stikkprøvekontrollar hos sine underentreprenørar. I tillegg har BU fleire gongar bedt entreprenørane våre kontrollera ulike tilhøve (arbeidstid, overtid, innkvartering).

I tillegg har vi gjennomført ei grovrisikovurdering og plukka ut enkelte verksemder som vi ynskjer å følgja opp i høve til kontroll av lønns- og arbeidsvilkår framover. Fleire av desse er i ferd med å bli sjekka opp, og nokre har vi tenkt å følgja opp på sikkerhetsveka vi skal ha i mai-15.

Kontroll av arbeidstid på prosjektet:

Veidekke, C11, har hatt forholdsvis hyppige stikkprøvekontrollar av arbeidstid – nokre på eige initiativ og nokre etter oppfordring frå BU. Det er blitt utført hos mellom anna Fyllingen Maskin, Bjørnars Transport, Steinsland & Tyssøy, Boasson AS, Kynningrud AS, Hallingdal Bergboring, Adecco og Wimo Fjellsikring og vi har ikkje fått tilbakemelding om avvik.

Skanska anlegg, C12 og C14, oppgjev at dei har sentral overvaking av arbeidstid for eigne tilsette og tilsette hos Vassbakk & Stol. Armeringsservice har 12/9 ordning, og Skanska får oversikt kvar veke. Skanska anlegg opplyste 4/12-14 at dei hadde kontrollert arbeidstid hos W.Gjertsen Tunnel AS (etter oppmoding frå BU), og det vart ikkje funne nokon avvik. 11/3-15 etterspurte BU dokumentasjon frå kontrollen av Armeringsservice/Armeringssenteret, men Skanska meinte dokumentasjonen var for gammal, og ville utføra ein ny kontroll. Per 22/3-15 hadde ikkje Skanska motteke all den etterspurte dokumentasjonen enda, så vi veit ikkje kva status er her men vi vil følgja denne opp.

NCC, C13, legg kvar månad ut mannskapslister som også inneholder informasjon om tal på timer, og dette gjer at dei har ei tett oppfølging av sine underentreprenørar.

Skanska bygg, C31, opplyste 11/12-14 at dei har fulgt opp dei som har hatt litt mykje overtid, og alt var ok.

Siemens, C43, blir revidert av Lloyd's Register Consulting 23.-24./3-15. Revisjonen vart bestilt av BU i slutten av januar-15, og tema er mellom anna bustadtilhøve/lønnstilhøve for innleid personell og arbeidstilhøve (kontorlokale, pauserom, toalettfasilitetar). Vi reknar med å få rapporten frå revisjonen i løpet av nokre veker.

Rhomberg-Sersa, C51, vart sjekka av Arbeidstilsynet når de var her på tilsyn 3/3-15, og det vart ikkje funne nokon avvik i høve til arbeidskontrakt, arbeidstid eller lønnsvilkår.

Forsvarleg innkvartering:

Fleire av entreprenørane våre og deira underentreprenørar er innkvartert hos Albatross i Rådalen, og dei gjev uttrykk for at dei er fornøgd med tilhøva.

Skanska har eigen bustadrigg i Ytrebygdsvegen.

Jobzone har stadfesta at dei går god for innkvartering av sine folk. Vi har fått opplyst at folka frå Adecco som jobbar hos NCC bur fast i Bergen i eigne private leiligheter. Adecco hos Veidekke stadfestar at butilhøva er ok for deira tilsette.

Skanska Bygg, C31, opplyste 9/2-15 at dei har kontrollert innkvartering hos underentreprenøren sin Poko-al. Dei leiger 2 einebustader og innkvarteringen var ok.

Siemens, C43, blir revidert av Lloyd's Register Consulting 23.-24./3-15. Revisjonen vart bestilt av BU i slutten av januar-15, og tema er mellom anna bustadtilhøve/lønnstilhøve for innleid personell og arbeidstilhøve (kontorlokale, pauserom, toalettfasilitetar). Vi reknar med å få rapporten frå revisjonen i løpet av nokre veker.

M. Thunestvedt, C44, har svenske innleide frå HS2 Norge. Dei bur i leiligheter i Kronstadparken. Thunestvedt har inspisert butilhøva – alt ok.

Rhomberg-Sersa framla 15/8-14 bildedokumentasjon på innkvartering hos Albatross i Åsane. Dei var fornøyd med dette, men ynskte å finna noko nærmare - hos Albatros i Rådal, og der bur dei no.

Kontroll av lønnstilhøve:

Skanska anlegg, C12, opplyste 9/10-14 at dei haltd på med kontroll av lønnstilhøve hos Armeringsservice/Armeringssenteret og skulle gje BU beskjed dersom dei fann avvik. BU fekk ikkje tilbakemelding om at det vart funne avvik. 11/3-15 etterspurte BU dokumentasjon frå kontrollen av Armeringsservice/Armeringssenteret, men Skanska meinte dokumentasjonen var for gammal, og ville utføra ein ny kontroll. Per 22/3-15 hadde ikkje Skanska motteke all den etterspurte dokumentasjonen enda, så vi veit ikkje kva status er her men vi vil følgja denne opp.

4/3-15 ba BU NCC om å sjekka utanlandske innleigde hos Wikholm i høve til lønns- og arbeidsvilkår, og senda dokumentasjonen over til BU (følgjer vedlagt). Vi har gått gjennom dokumentasjonen, og alt ser ut til å vera ok.

M. Thunestvedt, C44, har svenske innleide frå HS2 Norge. Thunestvedt opplyste 1/10-14 at dei hadde kontrollert lønnstilhøva – alt var ok.

Bybanen Utbygging meiner at vi, basert på opplysningane over og vedlagt dokumentasjon, kan dokumentera at vi gjennomfører naudsynt kontroll av at lønns- og arbeidsvilkår vert overhalde.

Marianne Karin Hufthammer
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Arbeidstilsynet
Roger Skoglie
Terje Simmenes